



«Mottakernavn»

Kontakt saksbehandlar

«Adresse»

Tiril Marie Jansen, 51 56 87 06

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Orientering om fordeling av skjønnsramma for 2025

Kommunane i Rogaland er for 2025 tildelt ei skjønnsramme på 53,5 mill. kroner. I dette brevet legg vi fram fordeling av 36,7 mill. kroner i ordinært skjønnstilskot til kommunane i Rogaland for 2025. Resten av skjønnsramma er sett av til seinare fordeling gjennom prosjektskjønn og restskjønn.

Overordna rammer for fordelinga

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) fordeler kvart år ein del av rammetilskotet til kommunar etter skjønn. Skjønnstilskotet skal kompensere kommunar for lokale forhold som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet, og bidra til fornying og utvikling i kommunesektoren.

I Stortinget si behandling av kommuneopposisjonen for 2025 fekk KDD fullmakt til å fordela 1 000 mill. kroner i skjønnstilskot. Basisramma for kommunane er satt til 800 mill. kroner, og 53,5 mill. kroner blei fordelt til Rogaland. Hovudfordelinga av skjønnstilskot skjer i samband med statsbudsjettet.

KDD gir føringar for fordeling, bruk og rapportering av skjønnstilskot. Statsforvaltaren skal gjere ei heilskapleg og konkret vurdering av kommunen sitt behov for skjønnsmidlar, og tildele skjønnstilskot på grunnlag av kommunen sin overordna økonomiske situasjon. Fordelinga av skjønnstilskotet skal vere basert på dialog med kommunane. Innspel frå kommunane er viktig for å oppnå ei så god tildeling som råd. Skjønnstilskot for 2025 er berre tildelt til dei kommunane som har sendt inn søknader innan fristen.

Om tildelinga

Statsforvaltaren har fordelt 36,7 mill. kroner i ordinære skjønnstilskot til 20 av kommunane i Rogaland. Bak tildelinga til kvar kommune ligg ei vurdering av den overordna økonomiske situasjonen og reelle behov, og kunnskapar om på kva område dei opplever større utfordringar som ikkje blir kompensert tilstrekkeleg gjennom inntektssystemet. Vi har mellom anna gjort ei vurdering



av det økonomiske handlingsrommet til kommunane, ved hjelp av KS sin analyse på området¹¹.

I vurderingane som ligg til grunn for fordelinga, har vi gjennom fleire år lagt vekt på særleg høge utgifter til ressurskrevjande brukarar, store utfordringar på rus-/psykiatrimrådet, behov for legevaktsbåt og ekstra kostnader grunna språkdeling.

Fordeling per kommune

Kommunenr.	Kommunenamn	Skjønn i heile kroner
1101	Egersund	2 000 000
1103	Stavanger	3 000 000
1106	Haugesund	3 700 000
1108	Sandnes	1 100 000
1111	Sokndal	500 000
1112	Lund	700 000
1114	Bjerkreim	-
1119	Hå	-
1120	Klepp	1 300 000
1121	Time	1 800 000
1122	Gjesdal	2 600 000
1124	Sola	800 000
1127	Randaberg	4 000 000
1130	Strand	5 500 000
1133	Hjelmeland	1 600 000
1134	Suldal	-
1135	Sauda	700 000
1144	Kvitsøy	400 000
1145	Bokn	700 000
1146	Tysvær	1 400 000
1149	Karmøy	2 800 000
1151	Utsira	900 000
1160	Vindafjord	1 200 000
Sum ordinært skjønn		36 700 000
Til utvikling og innovasjon		14 000 000
Til restmidlar		2 800 000
SUM		53 500 000

Språkdeling

Vi har valt å fordela tilskot til alle kommunar som har meldt frå om ekstraklasser, da det er ein ufrivillig ekstra kostnad for kommunen. For kommunar med avgrensa og moderat økonomisk handlingsrom har vi fordelt med utgangspunkt i eit litt høgare beløp per ekstraklasse enn for kommunane med større økonomisk handlingsrom. Dette gjeld i år berre ein kommune. Enkelte kommunar melder om at dei har store ekstra kostnader knytt til desse klassene, og at dei opplev

¹ <https://www.ks.no/contentassets/a747a1f72d234fe28295c8a76b31f6da/Okonomisk-handlingsrom-pa-kommuneniva-2023-revidert-.pdf> I Rogaland er det 1 «raud» kommune med avgrensa økonomisk handlingsrom, 4 «gule» kommunar med moderat økonomisk handlingsrom, og 18 «grøne» kommunar med større grad av økonomisk handlingsrom.



prosessen med delvis kompensasjon gjennom skjønnstilskot som uføreseieleg. Statsforvaltaren fordeler noko av skjønnstilskotet til kommunar som har store utgifter grunna ekstraklasser. Satsane per ekstraklasse ligg på 100 000, 130 000 eller 170 000 kroner, og dekker såleis berre ein mindre del av kommunane sine kostnader knytt til språkdeling.

Kategori	Sats per ekstraklasse	Tal på klasser	Beløp i skjønnstilskot
Raude kommunar	170 000	9	1 530 000
Gule kommunar	130 000	3	390 000
Grøne kommunar	100 000	52	5 200 000
SUM		64	7 120 000

Oversikt over kor mykje av skjønnstilskotet som er fordelt grunna kostnader knytt til språkdeling.

Ressurskrevjande brukarar

Fleire kommunar peikar på høge kostnader til ressurskrevjande brukarar som ei økonomisk utfordring. Dei nemner både høge eigendeler utover tilskot frå toppfinansieringsordninga, spesielt for kommunar med eit høgt tal brukarar, og brukarar over 67 år som fell ut av ordninga. Sidan ressurskrevjande tenester er ei økonomisk utfordring mange kommunar nemner i sine innspel, og ingen mindre kommunar i Rogaland har fått tilleggskompensasjon for ressurskrevjande tenester, har Statsforvaltaren valt å framleis ta desse kostnadene i betrakting ved fordeling av skjønnstilskot. Vi har da spesielt vurdert tildeling til dei kommunane som har høgast eigendeler (gjennom toppfinansieringsordninga) per innbyggjar basert på Helsedirektoratets kommunevise oversikt over utbetalingar for 2024.

Bakgrunn for tildelinga

Egersund kommune får tilskot som følgje av ein eldre avtale om kompensasjon for den interkommunale verksemda Uninor/Dalane Produkter AS, der kommunen ikkje sender refusjonskrav til dei andre Dalane kommunane.

Stavanger kommune får tilskot som følgje av kostnader til legevaktsbåt, ei ordning som er i samarbeid med Hjelmeland kommune og Kvitsøy kommune.

Haugesund kommune har betydeleg større utfordringar enn snittet i fylket knytt til rus og psykiatri, og får tilskot på dette grunnlaget. I tillegg er Haugesund ein «gul» kommune i KS si vurdering av økonomisk handlingsrom.

Sandnes kommune får tilskot som følgje av 6 ekstra klasser grunna språkdeling, og på grunn av ekstraordinære kostnader knytt til øydelegging av ROP-bustader.

Sokndal kommune får tilskot som følgje av å ha ein betydeleg høgare del elevar med spesialundervisning enn snittet.

Lund kommune får tilskot på grunn av særlege utfordringar knytt til barnevernet. I tillegg er Lund ein «gul» kommune i KS si vurdering av økonomisk handlingsrom.

Klepp kommune får tilskot som følgje av 13 ekstra klasser grunna språkdeling.

Time kommune får tilskot på grunn av at dei har høge eigendeler per innbyggjar for ressurskrevjande tenester og fordi dei har 3 ekstra klasser som følgje av språkdeling. I tillegg er Time ein «gul» kommune i KS si vurdering av økonomisk handlingsrom.



Gjesdal kommune har 3 ekstra klasser som følgje av språkdeling, og ligg høgt på eigendeler per innbyggar til ressurskrevjande tenester. Saman med ei heilskapleg vurdering av kommunens økonomiske handlingsrom, og samansette utfordringar, får dei tilskot.

Sola kommune får tilskot som følgje av 8 ekstra klasser grunna språkdeling.

Randaberg kommune har høgast eigendel i kostnader per innbyggar i fylket knytt til ressurskrevjande brukarar, og har også høgast tal på ressurskrevjande brukarar målt opp mot folketal. I tillegg er Randaberg ein «gul» kommune i KS si vurdering av økonomisk handlingsrom, og får skjønnstilskot.

Strand kommune har spesielt store utfordringar knytt til rus og psykiatri. I tillegg har dei ein høg del elevar i friskular, noko som gir konsekvensar i trekk- og kompensasjonsordninga for omfordeling basert på elevar i private skular. Kommunen har 9 ekstra klasser på grunn av språkdeling. I tillegg er Strand ein «raud» kommune i KS si vurdering av økonomisk handlingsrom, og får skjønnstilskot.

Hjelmeland kommune får tilskot på grunn av kostnader knytt til legevaktsbåt som dei har saman med Stavanger kommune og Kvitsøy kommune.

Sauda kommune har 2 ekstra klasser som følgje av språkdeling, og får også tilskot som følgje av utfordringar knytt til rus og psykiatri.

Kvitsøy kommune får tilskot på grunn av legevaktsbåt som dei har saman med Stavanger kommune og Hjelmeland kommune.

Bokn kommune opplever særskilt stor innverknad på økonomien som følgje av ressurskrevjande brukarar over 67 år. Tilskotet trappast ned på grunn av høg alder.

Tysvær kommune får tilskot som følgje av 14 ekstra klasser grunna språkdeling.

Karmøy kommune har 6 ekstra klasser som følgje av språkdeling. I tillegg har kommunen høge eigendeler per innbyggar på grunn av ressurskrevjande tenester og utfordringar med rus og psykiatri, og får tilskot.

Utsira kommune har høge utgifter knytt til å vere vertskommune for Utsira Nord og annan tilknytt næring. Kommunen bruker mykje ressursar på arbeid med dette og får dermed skjønnstilskot.

Vindafjord kommune får tilskot som følgje av høge eigendeler til ressurskrevjande tenester.

Fordeling av prosjektskjønn og restskjønn for 2025

I tillegg til ordinært skjønnstilskot er det er sett av 16,7 mill. kroner til fordeling gjennom prosjektskjønn og restskjønn. Dette består av 14 mill. kroner til utviklings- og innovasjonsprosjekt (prosjektskjønn) og 2,8 mill. kroner som er heldt tilbake til uventa hendingar (restskjønn).



Med helsing

Lone Merethe Solheim (e.f.)
ass. statsforvalter

Monica Nessa
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Bokn kommune	Boknatur	5561	Bokn
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Egersund kommune	Postboks 580	4379	Egersund
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane